



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.07.2016

Vår ref.: 2016/2947

Arkivnr.: 461.5

Mittdistrikt Invest AS
Bjoavegen 372
5582 ØLENSVÅG

Att. Sigmund Lunde

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Løyve etter forureiningslova til mudring og utfylling i sjø ved gnr./bnr. 281/271, Osen, Ølen, Vindafjord kommune

Fylkesmannen har ferdigbehandla søknaden frå Omega Areal AS på vegne av Mittdistrikt Invest AS av 29.02.2016, revidert 11.03.2016, og har på visse vilkår avgjort å gje løyve etter forureiningslova til mudring og utfylling i sjø. Vilkåra for løyvet står på side 6 og 7. Me varslar gebyr for handsaming av søknaden.

Løyvet omfattar mudring av om lag 920 m³ massar, og utfylling av om lag 1 650 m³ sprengsteins- og muddermassar for etablering av kaifront. Tiltaket vil røre ved eit sjøbotn-areal på om lag 1 215 m².

Vedtaket kan klagast på innan tre veker frå dette brevet er mottatt.

Me viser til søknad av 29.02.2016, revidert 11.03.2016, frå Omega Areal AS på vegne av Mittdistrikt Invest AS om mudring og utfylling i sjø ved gnr. 281, bnr. 271 m.fl. Det blir og vist til andre dokument i saka.

Søknad og sakshandsaming

Det er søkt om å mudre under og framfor planlagt kaifront, ned til fast fjell eller faste massar, frå om lag 0,2 til 2,0 m djupne. Det skal så fyllast ut/murast opp ein tørrmur der det er planlagt å nytte sprengsteinsmassar frå steinbrotet på Fikse. Søkjar ønskjer og å nytte dei mudra massane som ein del av fyllmassane bak tørrmuren. Alt arbeid skal utførast med gravemaskin frå land. Føremålet med utfyllinga er å opparbeide ein tilgjengeleg og estetisk tiltalende kaifront med tilhøyrande turveg langs sjøen, og mudringa er naudsynt for å hindre seinare utsiging av utfyllinga.

Tiltaksområdet ligg på ein banke, tidlegare del av utlaupet til den austanforliggjande Oselva. Sedimenta er finkorna, og nivået for fast fjell/faste massar ligg på om lag to meter under fyllingstoppen. I nærleiken ligg det ei småbåthamn med plass til 55 småbåtar. Søkjar meiner det ikkje er andre kjende ureiningskjelder lokalt, men nemner at Ølsfjorden er nytta av industriverksemdar og at det tidlegare er påvist forureining i bunnsedimenta i fjorden. Tiltaksområdet ligg likevel i den søraustlege delen av fjorden, på motsett side av den største industriverksemda, samt over vassnivå ved fjære sjø.

Søknaden er handsama etter forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova.

Planavklaring i reguleringsplan

Området er regulert til bustader, turveg, naust, småbåtanlegg og småbåthamn (inkl. kai) i Detaljregulering for Ølen båthamn (plannr. 1160-13-02) vedteke i kommunestyret 10.09.2013. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Miljøhøve

Ei sak skal vera så godt opplyst som mogleg før vedtak blir treft, jf. forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forureiningsforskrifta § 36-2.

Naturmangfald

I følgje Temakart-Rogaland er tiltaksområdet ein del av eit brakkvassdelta som er registrert som viktig (verdi B). På Miljødirektoratet sine heimesider står det: «Brakkvannsdeltaer er ofte store, høyproduktive våtmarker/flommarker, og har derfor stor betydning for fuglelivet, spesielt i trekketidene, men også til andre tider på året. Deltaene huser en stor variasjon av naturtyper som ellers kan være sjeldne eller fraværende i regionen. Sjeldne arter forekommer. Naturtypen har gått sterkt tilbake arealmessig grunnet utfylling og utbygging.»¹

Verdisettinga for Osendeltaet baserer seg på at det er eit lite, men nokså intakt brakkvassdelta, med einskilde interessante artar. I skjøtselsvurderinga står det at ein bør unngå fysiske inngrep. Det er og nemnd at det er observert ein del vassfugl, noko som tyder på at området har viltfunksjon. Mellom anna er det gjort observasjonar av vipe og makrellterne som er oppført som sterkt trua på Norsk raudliste for artar 2015. Området i sjø er og modellert til å ha potensiale for den viktige naturtypen ålegras, men det er per dags dato ikkje gjort registreringar.

Vassførekomst

I følgje databasen Vann-Nett er omsøkt område ein del av vassførekomsten «Ølsfjorden» og er klassifisert som «beskytta kyst/fjord». Økologisk tilstand er «dårlig», og kjemisk tilstand er «oppnår ikkje god». Miljømåla for 2021 er udefinerte. Førekomsten er i stor grad påverka av utslepp og avrenning frå industri, samt middels grad påverka av utslepp frå reinseanlegg, og har risikostatus basert på overskridande konsentrasjonar av prioriterte miljøgifter.

Botnhøve og sediment

Sedimentundersøkingar gjort i nærleiken av tiltaksområdet viste at sjøbotnen i området har eit høgt innhald av finkorna materiale, og andelen leire og silt i sedimentprøvane ligg på 35,5 – 45,8 %.

Analyse av sedimentprøvar frå tre prøvepunkt påviste overskridande konsentrasjonar av tributyltinn (TBT) tilsvarande tilstandsklasse III (moderat), i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar TA-2229/2007, i eitt av dei tre prøvepunkta. Overskridinga var svært liten, og alle andre analyserte element og sambindingar i alle prøvepunkt ligg innanfor klasse I (bakgrunn) eller II (god). Konsentrasjonane av TBT i dei to andre prøvepunkta er <1 mg/kg.

Høyring

Søknaden vart lagt ut til offentleg ettersyn i medio mars 2016, i samsvar med § 36-6 i forureiningsforskrifta. Søknaden blei og kunngjort i Haugesunds Avis.

Fylkesmannen fekk 3 høyringsuttalar til søknaden.

¹ Miljødirektoratet, <http://elvedelta.miljodirektoratet.no/ferskbrakk.htm>. Opplysingar frå «Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold, DN-håndbok nr 13, revidert 2006». Sett 18.04.2016

Stavanger maritime museum (SMM) har tidlegare blitt førelagt saka, og hadde då ingen merknadar. Dei har difor ingen merknadar til tiltaket slik det føreligg, men minner om stanse- og meldeplikten, som inneber at dersom det under arbeidet blir oppdaga automatisk freda kulturminner må arbeidet straks stansast og Rogaland fylkeskommune varslast, jf. kulturminnelova §§ 4 og 14. Tiltakshavar pliktar å underrette dei som skal utføre arbeida om dette, men står og sjølv ansvarleg for at det blir overhaltdt. I denne saka meiner SMM er det størst potensiale for å treffe på vrak eller delar av skip som ligg nedgravne i dei tjukke mudderlaga.

Rogaland fylkeskommune viser til Stavanger maritime museum sin uttale, og seksjon for kulturarv har på bakgrunn av dette ingen merknadar til søknaden. Fylkeskommunen vil likevel understreke at sjølv om det ikkje per dags dato kjennes til automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av arbeidet straks varslast til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til vedkomande myndigheit har vurdert funnet, jf. Lov om kulturminner § 8, andre ledd.

Fiskeridirektoratet region Sør vurderer omsøkt mudring som lite ønskjeleg med tanke på lokale blautbotnsområder og deira verdi sett i ein større økologisk samanheng. Blautbotnsartar er i hovudsak stasjonære, og blir påverka direkte av faktorar på staden der dei er. Inngrep som mudring vil endre produktiviteten og det biologiske mangfaldet i det området som blir rørt ved, varig eller for ein kortare periode. Dersom det blir gjeve løyve til mudring bør tiltaket gjennomførast på ein skånsam måte, slik at omliggande naturmiljø i så liten grad som mulig blir påverka. Fiskeridirektoratet region Sør vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil kome i konflikt med fiskeriinteressene i området.

Søklar sine kommentarar til innkomne høyringsuttalar

Til Stavanger maritime museum

Konsulent har underretta tiltakshavar om at han må gje beskjed til utførande entreprenør om eventuelle funn av kulturminner.

Til Fiskeridirektoratet region Sør

Forholdet til naturmangfaldet, og at det må fyllast ut noko, er teke stilling til gjennom reguleringsplanhandsaminga. Arbeidet vil bli utført mest mogleg skånsamt, og det er snakk om minimalt med mudring, då det berre skal mudrast for at fyllinga skal bli stabil nok.

Til Rogaland fylkeskommune

Søklar viser til sin kommentar til Stavanger maritime museum.

Fylkesmannen sine kommentarar til innkomne høyringsuttalar

Fylkesmannen har ingen særskilde merknadar til innkomne uttalar, men viser til våre vurderingar og dei fastsette krava i dette løyvet.

Fylkesmannen si vurdering

Rettsleg grunnlag

Fylkesmannen har vurdert søknaden på bakgrunn av dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket, samanhalde med dei fordelar og ulemper tiltaket elles medfører, jf. forureiningslova §§ 11 og 16. Vurderingstemaet supplerast av krava i vassforskrifta §§ 4-6, og krava i naturmangfaldlova § 7 om at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningslova.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Våre vurderingar og krav er basert på prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT), jf. forureiningslova § 2 nr. 3, og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova krev at avgjerder og skal vera grunngjevne ut frå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Naturmangfald omfattar biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald, som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneskeleg påverknad. Offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på vitenskapelig kunnskap om bestandssituasjonen til artar, økologisk tilstand og utbreiing av naturtypar, samt effekten av påverknader. Dersom det ikkje finst tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for kva verknadar ei avgjerd kan ha for naturmiljøet, skal «føre-var-prinsippet» vektleggjast. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg høve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta fastset miljømål for vassførekomstar og deler inn vassførekomstar i fem tilstandsklassar. Miljømåla i vassforskrifta § 4 inneber at tilstanden i vassførekomstane skal beskyttast mot forverring, og betrast med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten «Ølsfjorden» endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ei forverring. Miljømåla skal nåast, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. § 12. Fylkesmannen har difor vurdert om krava i vassforskrifta er til hinder for å gje det planlagde tiltaket løyve etter forureiningslova.

Miljøpåverknad

Inngrep i viktig naturtype

Tiltaket er eit direkte inngrep i ein viktig naturtype. Fylkesmannen ser det som viktig at arbeida i sjø ikkje påverkar meir av brakkvassdeltaet enn det som er naudsynt for å fullføre prosjektet.

Tiltaksområdet er antatt å vera eit viktig funksjonsområde for vassfugl, og rørsle og støy frå dei planlagde arbeida kan medføre forstyrringar for desse.

Risiko for spreiiing av forureining

Då overskridinga av TBT er enkeltstående og svært liten (5,1 mg/kg, medan grenseverdien mellom klasse II og III er 5,0 mg/kg) vurderer Fylkesmannen at det planlagde tiltaket medfører liten risiko for spreiiing av miljøgifter.

Risiko for partikkelspreiing

Sjøbotnen i tiltaksområdet inneheld ein høg andel finstoff, som har eit mykje større potensiale for spreiiing enn sediment av meir grovkorna karakter. Ei vesentleg auke i suspendert sediment i vassmassane kan medføre skade og ulempe for fisk og andre marine organismar, samt nedslamming av nærliggjande sjøbotn og naturtypar. Tiltaksområdet er likevel svært grunt, noko som gjer at suspenderte partiklar sannsynlegvis vil resedimentere raskt. Dersom arbeida i størst mogleg grad blir utført på fjære sjø er det liten risiko for partikkelspreiing.

Bruk av muddermassar til utfyllingsformål

Konsentrasjonane av alle analyserte element og sambindingar ligg innanfor normverdiene for forureina grunn, jf. forureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1. På grunnlag av dette vurderer Fylkesmannen at planlagt bruk av muddermassane som ein del av fyllmassen til kaianlegget ikkje

medfører fare for forureining, eller nemneverdige skader eller ulemper, jf. forureiningslova § 8 siste ledd. Me set difor ingen særskilde krav knytt til disponering av massane slik det er søkt om.

Samla miljøbelastning

Omsøkt tiltak kan føre til partikkelspreiing som kan vera til skade eller ulempe for det marine miljø, jf. «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova § 9. Partikkelspreiinga kan likevel betydeleg avgrensast på ein enkel måte ved å utføre arbeida i sjø medan det er fjære. Tiltaket kan medføre forstyrringar for vassfugl i området medan arbeida er i gang.

På bakgrunn av planlagd utføring, varigheten av arbeida i sjø og lokale forhold i tiltaksområdet vurderer Fylkesmannen at det omsøkte tiltaket utgjer liten risiko for forverring av tilstanden til vassførekomsten som heilhet, jf. miljømålet i vassforskrifta § 4, så fram det blir utført i samsvar med fastsette vilkår.

Metode

Søklar planlegg å mudre under og framfor planlagt kaifront, frå om lag 0,2 m djupne og ned til fast fjell eller faste massar ved om lag 2 m. Det skal så fyllast ut og murast opp ein tørrmur der det er planlagt å nytte sprengsteinsmasar frå steinbrotet på Fikse supplert med dei mudra marine massane. Alt arbeid skal utførast med gravemaskin frå land.

Tiltakshavar har ei generell plikt til å unngå forureining, jf. forureiningslova § 7, og må difor kontinuerleg føre tilsyn med at det ikkje førekjem uventa og/eller unormal forureining som følgje av arbeida i Ølen.

Konklusjon

Vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. §, tilseier at naturen i området kan bli negativt påverka. Dei planlagde arbeida er i samsvar med reguleringsplan i området der avvegingar i forhold til sårbar naturtype skal vera gjort. Tiltaket vil leggje til rette for ein planavklart turveg langs sjøen og auke tilgjenga mellom eksisterande småbåthamn og holmen i aust. Fylkesmannen finn på visse vilkår å kunne gje løyve til omsøkt arbeid i sjø. Avgjerda er grunngeve med at tiltaket er i samsvar med gjeldande arealplan og det er liten risiko for forverring av tilstanden i vassførekomsten, så fram tiltaket blir utført i samsvar med fastsette vilkår.

Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysingar i søknaden av 29.02.2016, revidert 11.03.2106, og opplysingar som har kome fram under handsaming av saka.

Risikoklasse

Fylkesmannen skal som ein del av sakshandsaminga plassere anleggsarbeida i Ølen i ein risikoklasse. Klassifiseringa er eit uttrykk for det forureiningspotensialet som føreligg, og er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgste risiko. På bakgrunn av omfanget av arbeidet, lokale forhold, og dei opplysingane som er kome fram i søknad og under sakshandsaming, blir anlegget plassert i **risikoklasse 4**. Plasseringar i risikoklasse gjev føringar for rutinemessig, formell kontakt mellom Mittdistrikt Invest AS og Fylkesmannen.

Vedtak

Med heimel i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16, gjev Fylkesmannen i Rogaland på visse vilkår Mittdistrikt Invest AS løyve til mudring og utfylling i sjø ved gnr. 281, bnr. 271 m.fl., Ølen i Vindafjord kommune.

Løyvet omfattar mudring av om lag 920 m³ sediment, samt utfylling av om lag 1 650 m³ sprengsteinsmassar frå lokalt steinbrot og stadeigne muddermassar. Tiltaket vil røre ved eit sjøbotnareal på om lag 1 215 m².

Ved avgjerd om løyve skal bli gitt og ved fastsetjinga av vilkår, er det lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelar om ulemper som tiltaket elles vil medføre. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er lagt til grunn som retningslinjer for avgjerda. Søknaden er og vurdert etter føresegnene i vassforskrifta. Det blir under stilt vilkår om tiltak for å avgrense eventuell forureining, og for å motverke skade på og/eller ulempe for det marine miljø.

Vilkår

Med heimel i forureiningslova § 16 blir det stilt følgjande vilkår for løyvet. Vilkåra er nummerert for å lette den planlagde rapporteringa, særleg med tanke på avvik.

1. Mittdistrikt Invest AS er ansvarleg for at løyvet blir overhaldt, og pliktar å orientera dei som skal gjennomføre arbeida om dei vilkår som gjeld, samt dei restriksjonar som er lagt på arbeida. Det er vidare tiltakshavar sitt ansvar å sørge for å skaffe alle dei opplysingar som er naudsynte for å gjennomføre arbeida tilfredsstillande og i samsvar med løyvet. Tiltakshavar er og ansvarleg for å gje Fylkesmannen beskjed når arbeida i sjø startar.
2. I samsvar med forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter 06.12.1996 (internkontrollforskrifta), pliktar tiltakshavar å sjå til at det blir etablert internkontroll som sikrar at krava i dette løyvet blir overhaldt, slik at arbeidet kan reviderast. Fylkesmannen skal ha uhindra tilgang til anleggsarbeida, dokument, m.m., for å kunne føre tilsyn med aktivitetane.
3. Løyvet omfattar arbeider slik det går fram av søknad av 29.02.2016:
 - 3.1. Mudring av om lag 920 m³ sediment
 - 3.2. Utfylling av om lag 1 650 m³ sprengsteinsmassar frå lokalt steinbrot og stadeigne muddermassar
 - 3.3. Tiltaket vil røre ved eit sjøbotnareal på om lag 1 215 m²
4. Fyllingsskråningar skal sikrast mot utrasing, både undervegs i arbeida og etter ferdigstilling av utfyllinga.
5. Støy frå arbeid og anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i Klima- og miljødepartementet si «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442-2012).
6. Dersom det blir oppdaga kulturhistorisk materiale (glas, keramikk, vrakdelar, omarbeida flint, etc.) må arbeidet stansast og Museum Stavanger AS og Rogaland fylkeskommune varslast, jf. lov om kulturminner §§ 4 og 14 tredje ledd.
7. Ved avvik frå vilkår i dette løyvet eller andre uventa hendingar som rører ved ytre miljø, er tiltakshavar ansvarleg for at Fylkesmannen blir varsla omgåande.
8. Når arbeidet er ferdig skal tiltakshavar utarbeide ein kort rapport der resultat frå arbeidet blir presentert, og der ein dokumenterer at vilkåra i dette løyvet er oppfylt. Eventuelle avvik skal

grunngevest og dokumenterast. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan 8 veker etter avslutta arbeid.

9. Løyvet gjeld frå dags dato til arbeida i sjø er endeleg avslutta, og i inntil to år.

Me vil understreke at all forureining frå arbeida ved Ølen isolert sett er uønskt.

Brot på vilkår i eit løyve medfører straffeansvar etter forureiningslova, jf. § 78. Me gjer merksam på at dette løyvet ikkje fritar for erstatningskrav for eventuelle skader eller ulemper som følgjer av verksemda, jf. § 53. For å sikre at føresegnene i forureiningslova eller løyvet blir overhalde, kan forureiningsmyndigheita fastsetje tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73.

Me gjer merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter etter anna lovverk.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknadar om løyve etter forureiningslova er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Vår handsaming av denne saka har medført ein ressursbruk tilsvarande gebyrsats 4 (lågaste gebyrsats), jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Mittdistrikt Invest AS skal difor betale eit gebyr på **21 500 kr** for Fylkesmannen si handsaming av saka.

Etter forvaltningslova § 16 har partane i ei sak rett til å uttale seg før vedtak blir gjort. Me ber om at eventuelle merknadar angåande gebyret blir sendt til Fylkesmannen innan 14 dagar etter at dette varselet er motteke.

Klagerett

Løyvet kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker frå melding om vedtaket er motteke. Ei eventuell, grunngeven klage skal stilast til Miljødirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Linda Thorsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Sakshandsamar: Linda Thorsen
Sakshandsamar telefon: 51568916
E-post: fmrolth@fylkesmannen.no

Kopi til:
Fiskeridirektoratet region Sør
Stavanger maritime museum
Vindafjord kommune
Rogaland fylkeskommune
Omega Areal AS